



Skuleåret 2025/2026

SU, Orre skule


Dato: 24.09.202

Deltakarar: Kenth Magne Åsebø-Trodal (rektor), Janne Erga (FAU), Eilin Horpestad (FAU), Karen Marie Vold (rep.pedagogar skule), Lise Samuelsen (rep.fagarbeidrar/miljøpersonell skule), Marius Erga Gilje(elevrådsleiar), Jonas Lilleland Grødeland (nestleiar Elevrådet), Otelie Skauvik (Elevrådet) og Vegard Bjøberg Snoksrud-Stokland (rep. Kommunestyret).

Fråfall: Mari Hatteland og Rakel Lima Fjelltvedt

Saksliste:


Sak	Referat	Ansvar
Siste sak SU 2024/2025 Evaluering av årsarbeidet	Evaluering av årets SU- arbeid <ul style="list-style-type: none"> - Evaluering av årets møter/innhald - Behov for endringar, herunder innhald, i organisering og/eller antall møter <ul style="list-style-type: none"> o Veldig kjekt når barna er med. Kjekt med info og innsyn o Anbefaler at man gjør likt til neste år o Gode møter, innhald og tidsbruk 	SU 2024/2025
Sak 1 25 - 26	Velkommen til SU 2025/2026 Introduksjon, presentasjonar og forventningsavklaringar. <ul style="list-style-type: none"> - Vil at alle får taletid. - Forventar at alle bidrar. 	Rektor
Sak 2 25 - 26	Konstituere SU 2 møter i halvåret, 4 møter i året. 2 av desse med elevrep. Heimesida, SU: Orre skule - FAU / SU Val av roller Roller fordelt:	Rektor SU



Med blikk for alle




	<p>Leiar: Kenth Magne Åsebø-Trodal Referent: Karen Marie Vold</p>	
Sak 3 25 - 26	<p>Årshjul for møter: Møte 2: 26.11.25, 19.00 – 20.00. Møte 3: 18.02.26, 19.00 – 20.00. Møte 4: 27.05.26 , 19.00 – 20.00.</p>	Rektor
Sak 4 25 – 26	<p>Status oppstart nytt skuleår v. tilsette Pedagoger: Oppstarten har vore god, og pedagogane opplever eit trygt og positivt arbeidsmiljø. Dei er svært nøgde med leiinga og den støtta dei får i det daglege arbeidet. Samstundes merkar dei at bemanninga er litt strammare enn før, mellom anna fordi fleire tek vidareutdanning og er borte enkelte timer eller dagar. Likevel er stemninga god, og dei samarbeider godt med fokus på elevane sitt beste. Miljøpersonell: Skuleåret har starta godt, og elevane har teke fint imot dei nye 1.klassingane. Friminutta er prega av gode leikar, og dei eldre elevane inkluderer dei yngre både i fotball og annan leik. TL-arbeidet er i gang med nye leikar etter kurs, og det skal arrangerast TL kick-off for heile skulen. Arbeidsmiljøet opplevast som godt, med open og tilgiungeleg leiing. Fagarbeidarane har fått samarbeidstid med kontaktlærarane, noko som fungerer svært godt. Miljøpersonell har jamlege møter med leiinga for oppdatering og drøfting. Samla sett er tilsette nøgde med oppstarten og arbeidsmiljøet.</p>	Karen Marie Vold Lise Samuelsen



Med blikk for alle




Sak 5 25 – 26	<p>Status oppstart nytt skuleår v. FAU</p> <p>Alle klassane melde om positive tilbakemeldingar. Det hadde vore ei utfordring knytt til 2. trinn og SFO, men dette er no løyst.</p>	FAU
Sak 6 25 – 26	<p>Status oppstart nytt skuleår v. Elevråd</p> <p>Elevane på Orre skule trivst godt og opplever skulen som trygg og oversiktleg. Dei set pris på at det er ein liten skule der alle blir sett, og at både elevar og vaksne er gode til å ta vare på kvarandre. I klasseromma er det for det meste god arbeidsro, og elevane får hjelp frå lærarane når dei treng det.</p> <p>Det dei likar aller best, er fag og aktivitetar der dei kan vere i bevegelse og vere kreative, som kroppsøving og skaparverkstad. Friminutta er også svært populære, særleg fordi elevane då kan velje aktivitet sjølve og leike med vener. TL-leikar blir trekt fram som eit godt tilbod for dei som står utan aktivitet.</p> <p>Elevane opplever at lærarane er trygge vaksne som helsar og seier fine ting, og at dei tek tak i problem dersom noko oppstår. Nokre fag, som matematikk og norsk, kan opplevast som litt kjedelege når det blir mykje skriving, men elevane likar godt å skrive om sjølvvalde tema.</p> <p>Det blir trekt fram som positivt å vere med i elevrådet, der elevane får seie meiningane sine direkte og vere med å bestemme aktivitetar. Dei ser no fram til arrangementet <i>Orre Talenter</i>.</p>	Elevråd



Med blikk for alle



	Når det gjeld nærmiljøet, beskriv elevane Orre som ei trygg og lita bygd der dei fleste kjenner kvarandre. Dei set pris på dei store uteområda og at det finst ein butikk i bygda. Einaste minuset dei nemner, er at det av og til kan lukte litt..	
Sak 7 25 - 26	<p>Status oppstart nytt skuleår</p> <p>Ein opplever elevane som tilgjengelege og lette å snakke med. Det er kjekt å kome rundt i klasseromma, og ein ser ei roleg elevmasse utan store utfordringar. Arbeidsmiljøet er godt, og det er låg terskel for å ta opp både positive og negative saker. Det blir jobba kontinuerleg med å ta vare på det gode arbeidsmiljøet.</p> <p>Økonomien har gått frå meirforbruk til mindreforbruk, og sjukefråværet er lågt utan fråvær som skuldast arbeidsforhold. Skulen skal starte opp med <i>Lesson study</i>, der fleire lærarar samarbeider om planlegging, observasjon og vidare utvikling av undervisning. Fokusområde i år er engelsk – og lesing.</p> <p>Det blir gjennomført tilsyn i helse, miljø og sikkerheit i oktober.</p>	Rektor
Sak 8 25 – 26	<p>Frå politisk representant</p> <p>Neste veke kjem saka om skolebruksplanen. Tema er prioriteringar framover, korleis situasjonen er no, og korleis ein ønskjer at det skal sjå ut i framtida. Orstad og B-fløyen på Bore er peikt ut som hovudprioritetar. Det skal òg drøftast om ein skal innføre fritt skuleval i Klepp. Skulestrukturen er eit spennande tema, særleg knytt til ungdomstrinnet på Orstad og om dette kan slåast saman med</p>	Vegard Bjøberg Snoksrud- Stokland




Med blikk for alle



	Klepp ungdomsskule eller Bore ungdomsskule. Politikarane har presisert at det ikkje er politisk vilje til å leggje ned skular.	
Sak 9 25 - 26	Referat Referat skal alltid sendast til rektor for godkjenning. Referent Deretter vert referatet publisert på skulen si heimeside.	Rektor Referent
Sak 10 25 - 26	Ny Utviklingsplan Orre skule 2025 – 2028 Link: Utviklingsplan 2025-2028	Rektor
	Eventuelt/anna	

Referent: Karen Marie Vold



Med blikk for alle